

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2,
6863 Leikanger.

Førde, 07.03.2025

Dette brevet er sendt på vegne av DNT Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane og BirdLife Sogn og Fjordane.

Fråsegn til søknad om utfylling i sjø for å utvide næringsareal.

Olsetvikane industriområde Askvoll kommune, ref.nr. 2025/1887
Frå: Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane

Forum for natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF) er et samarbeidsforum for natur- og frilufsorganisasjonar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og frilufsinteresser i fylket. Per i dag er det 13 organisasjonar tilslutta FNF. Organisasjonane representerer rundt 19.000 medlemar i fylket.

FNF er opptatt av å ta vare på naturgrunnlaget kommunane har og fremme et allment tilgjengeleg friluftsliv i kommunen.

Me i FNF Sogn og Fjordane vil med dette komme med nokre innspel til søknaden om utfylling i sjø ved Olsetvikane industriområde. Om tiltaket er i tråd med gjeldande reguleringsplan skal me ikkje gå så djupt inn på, men vil visa til at planen er veldig gammal, og at reguleringsgrensa syner storleiken på området som kan nyttast til industriformål, det er ikkje det same som at det bør nyttast til dette. Det har skjedd mykje sidan 1985, og ein må sjå dette i lys av dagens situasjon og kunnskap rundt naturtap spesielt i viktige områder som elvemunningar er, spesielt med tanke på akvatisk liv og fugleliv. Fuglelivet i nærområdet vil også bli negativt påverka av Atløysambandet som skal passere området, den samla belastninga på dyregrupper i tilbakegang er for dårleg kjent.

Når ein les sjølve søknadsskemaet om utfylling i sjø så verkar det som dette er godt innanfor og at det ikkje er nokon negative følger av ei slik utfylling. Til tross for dette er alle inngrep i strandsona viktige å følge opp, auka fragmentering av natur spesielt i elvemunningar er eit aukande problem og må takast på alvor.

På bakgrunn av dette tok me ein rask sjekk i Naturbasen til Miljødirektoratet, i Artsdatabanken og på norgeibilder.no. I disse godt tilgjengelege innsynsløysingane fant mange me veldig mykje som skulle



vært nemnt i sjølve søknaden frå Olset eigedom as. Naturverdiane i området er ikkje belyst i søknaden slik det skal.

Konklusjonen vår i saka som ein og kan lesa i våre avsluttande ord er at søknaden må avvisast.


Spørsmål og svar i søknadsskjemaet.

Eit av spørsmåla som dei i søknaden skal svare på er om det er naturverdiar i eller i nærleiken av tiltaksområdet. Når dei då vel å krysse av «Nei» utan nokon kommentar vitnar det om at ein ikkje tar denne søknadsprosessen seriøst.

Ved eit kort søk fant me mellom anna:

1. **Lokalt viktig gytefelt for kysttorsk.**
Tiltaksområdet er innanfor eit felt registrert av Havforskningsinstituttet som viktig for kysttorsken.
2. **Gyteområde, med Brisling og Sild i tillegg til Torsk.**
Dette vart registrert av Askvoll Fiskarlag 2001 og 2012, samt Askv. F.nmd i 1982/1995. Området dekkjer tiltaksområdet.
3. **Nærleik til den viktige marine naturtypen Ålegrassamfunn. MarinNaturtypeld: BM00120591**
Denne naturtypen er svært viktig for mange marine dyr og fuglelivet i området. Spesielt fiskeyngel knytt til gyteområda nyttar seg av slike områder. Fragmentering av områda rundt kan påverke levedyktigheita til slike økosystem, og dei fragmenterte områda blir meir sårbare. Slike områder er registrert med verdiklassen viktig.
4. **Nærleik til blautbotnsområder i strandsona.**
Denne naturtypen er registrert som svært viktig og overlappar litt med Ålegrassamfunnet nemnt ovanfor, det går så vidare innover i vika og Askvika Naturreservat.
5. **Nærleik til Askvika Naturreservat med tilhøyrande verneplan for våtmark.**
Her har det innanfor og utanfor området blitt registrert mange raudlista artar, slike verneområde blir påverka av det som skjer rundt, dette må det visast omsyn til. Reservatet har ein variasjon som er viktig for å nå formålet med vernet, men det er og mykje av verneverdiane som er knytt opp til omkringliggande områder, som for eksempel ålegrassamfunnet, og sjølve innfallsporten frå fjorden. Fuglelivet som er fremtredande i området brukar området forskjellig igjennom sesongen og i flo og fjæresyklusane. Det er derfor svært viktig å ta vare på vika som går inn mot sjølve naturreservatet.
6. **Raudlista artar omliggande områder.**
Som for eksempel storskarv, lomvi, hettemåke, dvergdykker og sjøorre. Variasjonen er stor og viser områdets viktigheit. Spesielt med tanke på kva utviklinga har vært for mange fugleartar dei siste 50 åra. Mange av registreringane som er gjort er av individ som er næringssøkande, og er nok strekt knytt til den stille vika, blautbotnsområda og ålegrassamfunnet.
7. **Ål (*Anguilla anguilla*)**
Området er ikkje direkte ferskvatn, men det fører til ferskvatn. Ål som blir spesifikt nemnt i

eit av spørsmåla i søknadsskjemaet finnes i bekker og vatn rett innanfor planområdet. Det er mellom anna registrert ål i bekkefaret opp mot Loftheimsåsen, i Hellesevatnet som ein ut frå naturlege tilhøve kan anta har passert Olsetneset og planområdet. Vidare utfylling av strandsona vil påverke denne ruta negativt.



Figur 1. Slik ser det ut i kartet på naturbase.no om ein hukar av nokre relevante tema, som dei nemnt ovanfor.

Allmenne brukarinteresser.


Det blir oppgitt i søknaden at det ikkje er allmente brukarinteresser som kan råkast av tiltaket. Dette stemmer ikkje heilt, nærområdet rundt er eit ettertrakta område for folk som er interessert i fuglar. Vidare fragmentering og auka aktivitet i strandsona kan påverke ålegrassamfunnet som dannar grunnlag for mykje av næringen som næringssøkande fuglar i vika.

Forureiningssituasjon.

På spørsmålet om det er kjente forureiningskjelder i nærleiken svarar dei i søknadsskjemaet nei.

Det er ikkje registrert noko forureiningskjelder i nærområdet om ein ser bort frå grunnen ved gjenvinningsstasjonen på andre sida av Olsetvegen.

Men om ein ser på flybilde frå tida før området vest for eigendommen til Olset eigedom as så ser ein forureiningskjelder som burde vært opplyst om i søknaden, deler av denne forureininga stammar frå Olset eigedom.



Figur 2. flybilde frå 2020. Kjelde: norgeibilder.no

Bildet i figur 2 er frå 2020, her ser ein tydeleg fargenyansar ein normalt ikkje ser i ikkje forureina vatn. Dette har også forandra seg over få år. Me stiller derfor spørsmålsteikn om kva dette er?




Figur 3. flybilde frå 2019. Kjelde: norgeibilder.no

Om ein så går eit år tilbake til 2019 i figur 3, så ser det lik ut. Me ser då fleire betongbilar, og det som kan tolkast som dumping av betongavfall. Me kan ikkje finne nokon godkjenningar på dette. Vi ser og finpartiklar som spreia frå dette. Røygata som også synest i bildet er det heller ikkje opplyst om i søknaden. Den er etter det me forstår forlenga¹ bort til og med molen i forbindelse med

utfylling.

Dei siste utfyllingane vist i figur 7. går over denne røygata samt dekker over tidlegare synder. Det er vel ikkje slik det skal vera? Me har vært i kontakt med Askvoll kommune angående denne utfyllinga og spurt kvifor det vart søkt om tillating til utfylling i sjø gjennom i lys av plan og bygningslova, og ikkje søkt om tillating etter forureiningslova. Me fekk da vite at det var avklart med Statsforvaltar på telefon at det ikkje var behov for dette. Det er synd at slike viktige avgjersler ikkje blir journalført, slik at dei kan ettergå. Her meina me at det har blitt gjort feil. Tidlegare utfylling var det entreprenør Grunnfjell AS som hadde ansvaret for, slik det også er i utfyllinga det no søkast om. Me har ikkje klart å oppdrive dokumentasjon på korleis forureiningane vart vurdert og handtert i samband med denne utfyllinga. Uansett burde Grunnfjell AS og Olset eigedom AS opplyst om dette i pågåande søknad, det burde vært kjent for dei.

¹ https://www.askvoll.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-d691afea_aaff_43de_a10d_c9d8e8907141-225547_1_AId-2020011821!KgLaCE?pid=10



Tidlegare flybilde frå 2014 viser at dette har stått på i lang tid. Denne manglande varsamheita eller manglande empati for naturen speglast og i den mangelfulle søknaden.

Figur 4. flybilde frå 2014. Kjelde: norgeibilder.no

Tidlegare utfyllingar.

Det har med jamne mellomrom blitt gjort utfyllingar i området dei siste 22 åra utan at me finner nokre godkjenningar på dette i innsynsløysingar hjå Miljødirektoratet. Med tanke på det me nettopp har belyst om forureiningskjelder knytt til området er me svært bekymra for kva desse utfyllingane inneheld, og kva dei dekker over. Dette er massar som direkte og indirekte påverkar miljøet, og det må kontrollerast om dette er gjort rett.



Figur 6. flybilde frå 2003. Kjelde: norgeibilder.no



Figur 5. flybilde frå 2020. Kjelde: norgeibilder.no



Figur 7. Siste tilgjengelege flybilde. Kjelde: Google maps.

Avsluttande ord.

Me meina at søknaden må avvisast da den er grovt mangelfull, vitnar om manglande respekt og forståing for sjølve søknadsprosessen. Ein søknad inneberer eit ansvar, dette skal ein ikkje fullt og heilt legge over på offentlig forvaltning, andre næringsaktørar og andre organisasjonar, slik det har blitt gjort her.

Konklusjonen er at søknaden må avvisast.

Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Åsmund Nordgulen
Koordinator
FNF Sogn og Fjordane